

Årsmelding

Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2009

Årsmøtet 2009

Årsmøtet var lagt til Skei Hotell, laurdag 18.april.

9 lag var representerte med til saman 13 utsendingar + styremedlemar, dagleg leiar og observatørar. Til saman 22 personar.

Saker: Vanlege årsmøtesaker.

Styret har i 2009 vore samansett slik:

Aslak Johnsen	styreleiar
Jens Brekke	nestleiar
Øystein Dahl	styremedlem
Linda Fluge	styremedlem
Helene Myklemyr Bolstad	styremedlem

Varamedlemar:

1.varamedlem	Mari Andrea Ness
2. varamedlem	Bjørnar Slåtten
3. varamedlem	Anne Grete Hukset

Jens Brekke måtte melde fråfall til styret frå hausten 2009 og Mari Andrea Ness har møtt i hans stad. Bjørnar Slåtten har vore kalla inn som vara.

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

Valnemnd: Tormod Øvrebø, Målfrid Stuhaug, Antonia Karete H. Kongsvik

Møter og saker:

Det har vorte halde 2 styremøte. Det er behandla 13 saker.

I tillegg har mange spørsmål vorte drøfta på telefon og e-post etter kvart, og i tillegg der ein har møttest, slik som på kappleikar og Mokurs. Styreleiar og dagleg leiar hadde møte i Sogndal 13. mai.

Laget har gjeve uttale i desse sakene:

Ny organisasjon

Evaluering av fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane.

Medlemar.

Laget hadde 605 medlemar pr. 31.12 2009. 55 ungdomar, 75 born og 475 vaksne

Av desse er 9 stk. direkte innmeldt til fylkeslaget. Eit lag har meldt seg ut og det er no 19 lokallag tilslutta organisasjonen.

Kontoret

Dagrun Hesjevoll er tilsett i 50 % stilling og tek seg av den daglege drifta av laget.

Oppgåvene er mange, frå dei rutineprega til dei meir utfordrande og kreative.

Ressursane både på tid og pengar er for små til å kunne gjere alt som laget ynskjer.

Heimesidene strevar ein med, men det vert jobba med saka.

Adresser : www.folkemusikklaget.no www.mokurset.no www.vestlandskappleiken.no

Frå 2010 har ein og oppretta heimeside for fylkeskappleiken www.fylkeskappleiken.no

e-post til kontoret: dagrun@folkemusikklaget.no

Kappleiksnemnd:

Aslak Johnsen, Kirsten Friis og Mari Andrea Ness har sett på klasseinndeling , nye tevlingsgreiner i samband med fylkeskappleiken. Høyringa om inndeling junior/ senior, synte at 10 av 11 lokallaga som svara, ynskte å behalde prøveordninga med junior/ senior. Styre avventa svar frå LfS som prøvde ordninga på NM på Geilo. Høyringa etter dette synte at organisasjonen vil halde på dei gamle klassane. Styret vel å fylgje LfS og fylkeskappleiken vert såleis frå 2010 med tevlingane etter dei gamle inndelingane.

Kappleikar

Fylkeskappleiken vart skipa på Nordfjordeid med Nordbygda spel og dansarlag som arrangør. Kappleiken vart halden i det nye operahuset , som synte seg svært velegna til arrangementet. Totalt var det 83 startnummer.

Nordbygda skipa til ein fin, verdig og god kappleik.

Her er ei oversikt over klassevinnarane

Hardingfele senior: Dagfrid Vallestad. Gaular spelemannslag
Hardingfele, junior: Mathilde Skjæret. Jostedal spel og dansarlag
Hardingfele junior, gjesteklasse : Erlend Alexander Nitter. Ålesund spelemannslag
Vanleg fele senior: John Oddvar Kandal. Breim spelemannslag
Vanleg fele, junior: Åsa Vassli Brekke. Jostedal spel og dansarlag
Fløyte, nyskaping: Geir Helge Sunde. Fjellklang spelemannslag
Fløyte, senior: Geir Helge Sunde. Fjellklang spelemannslag
Lagspel Hf . senior: Indre Sunnfjord spelemannslag
Lagspel Hf. junior: Jostedal spel og dansarlag
Lagspel, fele: senior: Spelemannslaget Fjelljom
Lagspel, fele junior: Spelemannslaget Fjelljom
Lagspel, gamaldans, senior: Indre Sunnfjord spelemannslag
Solistklasse, fele: Jon Oddvar Kandal. Breim spelemannslag
Gamaldansgrupper, senior: Kandals orkester. Breim Spelemannslag
Toradarlag, senior: Naustedalen toradargruppe.
Durspel,trekkspel,munnspele, junior: Norill Terese Norheim. Jostedal spel og dansarlag
Durspel, trekkspel,munnspele, senior: Helene M. Bolstad. Jostedal spel og dansarlag
Gruppespel hardingfele junior: Indre Sunnfjord spelemannslag
Song senior: Synne Marita Øverli. Dalsfjorden spelemannslag
Song kl. D: Svein Sindre. Hornindal spelemannslag
Lagdans junior: Spelemannslaget Fjellom
Lagdans, senior: Sogn spel og dansarlag
Bygdedans, senior: Mari A. Ness / Atle Hoff . Gaular spelemannslag
Bygdedans, junior: Katrine Aarøen / Sigbjørn Hagen. Spelemannslaget Fjelljom
Lausdans, senior: Atle Hoff. Gaular Spelemannslag
Gamaldans. senior: Berit og Per Kongsvoll. Nordbygda spel og dansarlag

Vandrepremie, oppsett av Hornindal spelemannslag i 2006, vart vunnen av Dagfrid Vallestad Brevik

Vestlandskappleiken

Jostedal spel og dansarlag sto for tilskipinga. Fredagen vart brukt til plateslepp og konsert i samband med utgjeving av arkivmateriale med Sjur Hesjevoll.

Arrangøren prøvde ut ei "ny klasse" Open scene, der ein oppmoda eldre utøvarar og andre vaksne som ikkje stilte på kappleiken til å opptre utan dømning. Eit vel motteke innslag.

Dei yngste i spelemannslaget "Rypeungane" sjarmerte publikum med eit tablå dei hadde øvd inn. Totalt var det 68 startnummer. Ein fin og triveleg kappleik

Frå premielista tek ein med dei som hevda seg best denne gongen, frå vårt fylke.

Dans hardingfele/fele, senior: Nr1 og 2. Mari Andrea Ness /Atle Hoff. Gaular spelemannslag
Nr:3 Oddbjørg Ese/ Johannes Kjos. Jostedal spel og dansarlag
Lausdans senior: Nr1. Atle Hoff Gaular spelemannslag
Lagdans senior: Nr.1. Jostedal spel og dansarlag NR.2. Sogn spel og dansarlag
Lagspel hardingfele, senior: Nr 2. Indre Sunnfjord Spelemannslag
Lagspel, junior: Nr 2. Jostedal spel og dansarlag.
Hardingfele junior: Nr. 2 Mathilde Skjæret. NR 3. Maria Berge. Indre Sunnfj. Spelemannslag
Hardingfele senior: Nr.1. Gro Marie Svidal
Fele senior: Nr 1. Jon Oddvar Kandal. Breim spelemannslag
Fele, junior: Marthe Brendefur. Hornindal spelemannslag
Gruppespel hard.fele, junior: Nr 2:Tufsene, Indre Sunnfj. spelemannslag
Vokal, junior: Nr. 1. Kine Svori. Jostedal spel og dansarlag
Vokal, senior: Nr. 2. Kjell Einar Ormberg. Jostedal spel og dansarlag
Open klasse: Nr 1. Kringslåt. Nr 3. Hålien og Brendefur / Einar Ese og Joar Fossøy

Smørbukk-kappleiken

vart halden på Mo laurdag 7.mars. I år hadde folkemusikklaget innleia eit samarbeid med Norsk Barneblad, noko som fall i god jord hjå mange. Omtrent 70 deltakarar + fylgje deltok. Tilsaman ca 120 var samla til ein triveleg kappleik. Kappleiken er uformell og ein arena der borna får tevla på andre premissar enn på ein vanleg kappleik. I år var det effektar frå Norsk Barneblad som var premiar, men det vanka og litt Smørbukk-karameller.

Her er plass til alle og borna stortrivst. Me fekk sjå og høyre mange gode presentasjonar og fleire prisar vart delt ut.

Tusen takk til alle som stiller opp for desse arrangementa. Det krev stor innsats av lokallaga som ikkje får att så mykje til lagskassa. Men glede får ein i stort mon, av alle gode prestasjonar på scena. Det er svært viktig med desse møtestadane og ikkje minst synleggjeringa av folkemusikken og –dansen.

Kursverksemd

Tradisjonskurs (dommaropplæring) vart skipa til i Førde 28.feb-1.mars. Dette var i samarbeid med LfS og Hordaland Folkemusikklag. 18 deltakarar i spel og dans. Songdelen vart avlyst grunna lita påmelding. Kursopplegget var sett opp med mykje felles tid og det var positivt. Men dansarane ville gjerne hatt meir praktisk øving. Det er ynskje om oppfylgging, spesielt på dansen. Førelesarar var Jan Lislien, Magnar Sundt, Sigmund Eikås, Synnøve Bjørset, Jan Petter Blom og Olav Tveitane.

Mokurset

Mokurset gjekk av stabelen med totalt 72 deltakarar, frå 10 -20 år. Mange tidlegare elevar, men i år som i fjor var det fleire nye frå nabofylka i sør. Spente og fulle av forventning inntok dei skulen for å lære meir om folkemusikk og bli kjende med andre med same interessa. I tillegg til intens læring på kurset, så var det sosialt samvær, grilling, bading , fotballkamp med meir.

Lærarkreftene i år var: Sigmund Eikås, Lajla Storli, Arngunn Timenes Bell, Leif Rygg , Erlend Viken, Aslak Johnsen, Mari Skeie Ljones, Rannveig Djønnne, Irene Tillung, John Ole Morken, Daniel Sanden-Warg, Ami Petterson Dregelid og Kjell- Erik Eriksson.

Gro Marie Svidal var tilsett som prosjektleiar for kurset i år og var med som fagleg/ musikalsk leiar på kurset. På kurset hentar ein inn felemakar til å ta seg av mindre manglar på instrumenta til elevane. Dette gjer ein for at lærarane skal sleppe å bruke undervisningstid på felestell. Asbjørn Fonn stelte med dette og hadde arbeid i to dagar. Edel Skjæret var med som praktisk medhjelpar. Aslak Johnsen, Mari Andrea Ness, Edel Skjæret og kursleiaren stilte opp som nattevakter. Kursleiar var Dagrun Hesjevoll.

I år vart Mokurset godt dekkja av Firda og NrK.

Tine Meieri på Byrkjelo fortentar ein stor takk fordi dei sponsa oss med meierivarer også i år. Nor-drikk sponsa med vatn, dette er supert med tanke på å minske sukkerinntaket.

Storspelkurs. Kurset som er mynta på dei vidarekomne utøvarane vart skipa til for 4.gong. Denne gongen med storspel som tema. Daniel Sanden-Warg var henta inn som læremeistar. Kun 4 påmelde, men då ein opna opp for deltaking på kveldstid så kom det 9 deltakarar til. Kurset var populært og lærerikt.

Dansekurset vart avvikla med Ami Petersson Dregelid og Kjell- Erik Eriksson som spelemann og med hjelpar. Mange godt vaksne folk, som fekk ei intens veke, men som stortreivst med opplegget. Sjølv dei beste dansarane med lang fartstid lærde mykje nytt og anbefalar kurset .

Samspelkurs. Dette var eit nytt tilbod som John Ole Morken tok seg av. 4 deltakarar som hadde stort utbytte og tykte dette tilbodet var topp.

Konsertar på Mokurset.

Opningskonsert på søndag kveld var noko nytt, men fungerte godt. Arngunn Timenes Bell, Rannveig Djønnne og Lajla Storli sto for denne.

Onsdag kveld var det open konsert i Løytnantsløa på museet med gruppa ” Filibuster” som består av Erlend Viken, Mari S. Ljones, Mona Hansen og Olav Christer Rossebø Det var ein flott konsert og det kom ein god del publikum utanfrå.

Fredag var det den tradisjonelle avslutningskonserten. I år valde ein å gjere ein ny vri. Det vart konsert på ettermiddagen, med matpause og dansespel etterpå. Dette vart vellukka fordi folk då stort sett vart verande til slutt, og dei siste gruppene slapp å spele for tom sal. Folk kunne ta fatt på heimreisa relativt tidleg.

I det heile nok eit flott Mokurs.

Årsmøte i LfS

LfS sitt årsmøte vart lagt til Drammen 20 - 22. november. Dette var eit historisk møte fordi det skulle stemmast over om LfS skulle gå inn i ein ny organisasjon saman med NFD. Dette vart det stort fleirtal for. Også NFD fekk fleirtal i sitt årsmøte. Den 21. november vart den nye organisasjonen stifta. Den 22. var det så årsmøte i Folkemusikk og folkedans -organisasjonen i Norge. Maria Høgetveit Berg vart vald som leiar, medan Nils Øyvind Bergset og Åshild Vettrhus vart nestleiarar.

Rolf Myklebust minnefond.

Fondet står pr. 31.12.2009 med 117790.- på konto, og er bygt opp av sal av Myklebusthefta og med tilføring av overskotsmidlar frå laget i gode tider tidlegare. I år er det renter og sal av hefter som er tilført fondet. Det er gjeve eit tilskot frå fondet i 2009 som er utbetalt i 2010. Det er framleis hefter på lager, men hefte nr. 2 er utselt og det lite att av nr. 1.

Skumringstimen.

Det er framleis bøker på lager og i år er det selt bøker for 3674 kr.

ØKONOMI

I 2009 har ein underskot på drifta. Det vert søkt støtte overalt der det er håp om å få midlar til arbeidet. Dette er naudsynt for å gjennomføre arbeidet og behalde sekretæren, som ein treng for å kunne drifte tiltaka for born og unge.

Forklaringa ligg i at det ikkje er motteke så mykje i stønad som ein forventa.

Det største bidraget kjem frå : Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

I tillegg har ein fått støtte frå: Norsk Musikkråd,

Rådet for folkemusikk og –dans,

Luster Sparebank

Spar Gaupne / Skei v/Ole Jonny Uthus.

Sunnfjord Energiverk betalte annonsen for konserten i Løa.

Sparebanken Sogn og Fjordane sponsa Mokurs-konsertane.

Folkemusikklaget takkar alle som har støtta oss.

SAMARBEID MED ANDRE

Folkemusikklaget har samarbeid / kontakt med desse organisasjonane og institusjonane:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga / fylkesarkivet.

Norsk Musikkråd

Sogn og Fjordane kulturnettverk

Landslaget for spelemenn / FolkOrg.

Rådet for folkemusikk og folkedans

Hordaland Folkemusikklag

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Seminar, møte og representasjon

Førebuingmøte til Fylkeskappleiken på Eid: Aslak Johnsen

Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Dagrun Hesjevoll. Mari Andrea Ness

Lagleiarsamling i samband m/ årsmøte i LfS: Aslak Johnsen og Dagrun Hesjevoll

Årsmøte i LfS: Aslak Johnsen og Dagrun Hesjevoll

Representantskapsmøte i Førdefestivalen: Aslak Johnsen

Medlemskap:

Landslaget for Spelemenn / Folkemusikk og folkedansorganisasjonen i Norge. (frå 22. november)

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
Norsk Folkemusikklag
Sogn og Fjordane kulturnettverk

Laget er representert i:

Ragnar Vigdals minnefond: Dagrún Hesjevoll
Sogn og Fjordane kulturnettverk: Dagfrid Vallestad Brevik med Sigmund Eikås som vara.
Linda Fluge er med i valnemnda.

NM på Geilo

Arrangør er LfS, men dette er tiltak som våre medlemmar deltek på i stor mon og som me arbeider for å få endå fleire til å vere med på.

På grunn av mangel på arrangør vart Landskappleiken og Landsfestivalen skipa til i eit felles arrangement med tittelen NM i folkemusikk. Det vart halde på Geilo.

Frå vårt fylke hevda desse seg best blant alle dei som stilte opp.

Lagspel hf.senior: Nr 2 Team Gløs Tøs. Studentlag frå Trondheim med medlemmar frå fylket
Nr. 4: Indre Sunnfjord spelemannslag. Begge laga deltok i Finalespel
Dans fele,junior: Nr 1 BeritAarøen / Ørjan Fjellkårstad Nr.2. Katrine Aarøen / Sigbjørn Hagen. Spelemannslaget Fjelljom
Dans h.fele senior:Nr 3. Mari Andrea Ness / Atle Hoff. Gaular spelemannslag. Finaledans
Hardingfele, senior: Gro Marie Svidal. Deltok i Finale spel og vart nr. 2.
Gruppespel, senior. Nr 4. Gamlebanken. Finalespel

Folkelarm

Tiltaket samlar mykje ungdom, også frå vårt fylke. Førdefestivalen stilte med stand. Fylkeslaget deltok ikkje p.g.a kostnadane.

Førde internasjonale folkemusikkfestival:

Medlemmar frå oss møter i stiftinga.

I styret møter: Sturla Bell Fossen med vara Synnøve Bjørset.

I representantskapet for festivalen møter Aslak Johnsen med Dagrún Hesjevoll som vara.

Medlemmar frå organisasjonen er med på alle plan i festivalen, både som ”arbeidarar” og utøvarar.

ANDRE FOLKEMUSIKKTILTAK I FYLKET

Her tek me med andre tiltak /hendingar som ikkje vert drivne av folkemusikklaget, men der folkemusikkutøvarar er med. Dei set folkemusikken frå fylket, på kartet.

Me har med dei hendingar og tiltak som me har opplysningar om og som me trur medlemmane våre har interesse av.

Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane.

Sigmund Eikås, Elin Grytting ,Oddbjørn Ramstad, Vidar Underset og Synnøve Bjørset er tilsett i stillingane.

Øyvind Lyslo er fylkesmusikkleiar, men er og med ute på vegen av og til.

Musikarane har faste oppdrag i sine lokalmiljø og elles oppdrag gjennom Den kulturelle skulesekken, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Teater og andre. Elin Grytting har saman med Jens Brekke turnert i skulane med førestillinga "Kandissukker og lampeolje" Elin har og vore ute med " Primstaven" og "Rytmerøret" "Tett på" er ei førestilling fylkesmusikarane reiste fylket rundt med.

Diverse om folkemusikarar frå fylket.

Oline Løvliid vart valt ut til å representere eldsjelene i fylket på opninga av "Kulturminneåret 2009" i Trondheim.

Sondre Leivdal frå Hornindal fekk tildelt " Draumestipend" for folkesong.

Kompani B612 som består av: Gro Marie Svidal, Tom Karlsrud og Ulf Arne Johannesen turnerte og i 2009 med barneførestillinga " Den vesle prinsen"

Judith Vestreim og Oddbjørn Ramstad hadde konsert i Sogndal med mange aktørar då dei feira "Krudlalaget" og " Ramstadlaget "sine 20 års-jubileum og Oddbjørn sine 25 år som fylkesmusikar.

Eid spelemannslag arrangerte " Skjorattippen" og Naustedalen spelemannslag hadde sin Gammaldansgalla.

Mange har komme med cd- plater dette året.

Gro Marie Svidal: Hardingfele

Synnøve Bjørset: Slåttar

Jostedal spel og dansarlag: Sjur Hesjevoll

Tonereise: Fedrearv

Britt Pernille Frøholm/ Irene Tillung: Eins

Krudlalaget: Det finst så mangen ein vakker song

SLUTTORD

2009 har passert i rekordfart, med mange store hendingar. Som til dømes NM på Geilo og Årsmøte i Drammen for LfS med skiping av ny organisasjon saman med NFD. Begge spennande hendingar, men som treng endringar etter som tida går. Vi kan og med glede sjå festivalar og musikktreff dukke opp rundt omkring. Vi treng arena for musikken og dansen vår. Og som kan syne kor mange dyktige og profesjonelle folkemusikkutøvarar vi har i fylket vårt. Året 2009 har vi som sit i styret hatt få møter, men har brukt e-post som diskusjonsforum i saker og vedtak som vi har gjort. Dette har vi spart både tid og pengar på. Dessverre eit år med raude tal, men det viser seg at det vert stadig vanskelegare å finne tak i pengane som ligg der ute. Og med finansielle kriser sit sponsorpengane djupt inne. Vi ser at vi kan bli flinkare med informasjon og aktivitet på heimesida vår. Vi ynskjer svært gjerne informasjon om arrangement og aktivitetar de har rundt i laga.

Aslak Johnsen (s) Mari Andrea Ness (s) Øystein Dahl (s)
-styreleiar-

Helene Myklemyr Bolstad(s) Linda Fluge(s) Dagrun Hesjevoll (s)
-dagleg leiar-